



Olaf Agnar Gausvik skriv om...(Foto: Ola Matti Mathisen)..

Ein markant uskedeling skriv no om ei annan: Til jul vil truleg boka til Olaf Agnar Gausvik (64) om Gustav Bergstø (87) koma ut.

Forfattaren reknar med at det blir rundt 100 sider stoff og bilete om oppfinnaren og fargeklatten på Korsnes.

Tittelen blir "Gustav og dei siste mohikandarane".

Det var kultursjef Kristian Bringedal som sette Gausvik på tanken.

Men kva så med mohikandarane?

- Eg tok på meg å skrive eigne barndomsminne slik eg og skulekameratar frå Korsnes opplevde Gustaven på 50-talet. Det var vi som var mohikandarane, fortel Gausvik til Kvinnheringen.

Gausvik har delt boka i to, der barndomsminnene utgjer første del. Del to er glimt av kva som har hendt seinare, basert både på sjølvopplevde episodar og ting han er blitt fortalt.

Forfattaren understrekar at det ikkje er nokon biografi han har teke fatt på.

Mange uskedelingar tykkjer det er kjekt at Gustaven endeleg kjem mellom to permar.

Gausvik har for sin del hatt stor suksess på heimebane i det siste - med boka "Det droplar og det dryp".

No ligg det an til ein ny suksess...

Av Ola Matti Mathisen



Gustav Bergstø (Foto: Ola Matti Mathisen)